

SVAR INTERPELASJON 19.3.15 BERGENSALLIANSEN

Fyrst vil eg takke interpellanten for spørsmåla og eg vil svare fylgjande :

Innleiing : I samarbeidsavtalen mellom kommunane som også er vedteke i kommunestyret står det fylgjande : «Bergensalliansen skal styrke konkurransekraften til Bergensregionen. Alliansen skal sette felles utfordringer og utviklingsmuligheter i den funksjonelle byregionen på dagsorden, og søke samarbeid mellom aktørene i regionen i strategisk viktige saker for byregionen. Bergensalliansen skal være den viktigste møteplassen for den politiske ledelsen i regionen.»

Bergensalliansen er dermed eit samarbeidsforum, og saker som krev vedtak skal sjølvstøtt forankrast i kommunestyrene som er medlemmer i BA.

For meg som ordførar og som representant for Lindås kommune inn i BA er dette viktig.

BA er ein politisk møteplass som ikkje binder kommunane opp på nokon som helst måte. BA skal ha sin styrke i å kunne samlast om dei felles utfordringane kommunane har, og få satt desse på dagsorden enten regionalt eller sentralt. Mandatet som er godkjent i kommunestyret seier bla at BA vil og eg siterer tre av punkta i mandatet :

utvikle en strategi for tettere interaksjon mellom partene/aktørene i regionen og et mer

strukturert og målrettet samarbeid bygd på gjensidig tillit mellom partene

sette felles utfordringer og utviklingsmuligheter i den funksjonelle byregionen på dagsorden

bidra til at regionen får felles politisk handlekraft på viktige politikkområder der samordning av deltakernes innsats vil være viktig, f. eks. samferdsel, arealpolitikk, kompetanse, verdiskaping og sosial infrastruktur

Sidan starten i 2011 så har der ikkje vore så mykje aktivitet i BA. Men dei siste to åra og særleg i 2014 har der vore nokre møter der ein har satt på dagsorden to viktige saker. Eg skal kome litt innpå dei i svaret på spørsmåla.

Spørsmål:

1. Hvilke fullmakter har Lindås kommune gitt BA til å inkludere Lindås kommune i et slikt arbeid og uttale seg på vegne av kommunen ?

SVAR : mandatet som er gitt går på å vere pådriver for dei utfordringane kommunen har av ulik art som også er regionale og gjeld fleire. Lindås kommune har ikkje gitt BA fullmakt til å fatte vedtak på vegne av kommunen og BA skal heller ikkje fatte noko vedtak. BA kan heller ikkje krevje at Lindås kommune skal vere med i alle saker som BA set på dagsorden.

Mandatet gitt BA er av generell karakter i saker som ikkje treng vedtak, men kan vere t.d ei samferdslesak i Lindås som det er viktig at fleire støtter som bla trafikksikring på Fv 57.

2. Må slike fullmakter fornyes?

SVAR: det er mandatet som er gjeldande, og dersom Lindås kommune ynskjer endring i samarbeidsavtalen og mandat så kan vi sjølv sagt be om dette, då må kommunestyret gjere dette gjennom ei politisk sak der vi ber om endringer i avtalen.

3. Hvilke saker jobber BA med som Lindås kommune har vedtatt å ikke delta i ?

SVAR: Bergensalliansen hadde i utgangspunktet eit ynskje om å søkje om deltaking i eit pilotprosjekt vedkomande fylkesvis brann og redningsvesen. Den saka var oppe til politisk handsaming i kommunestyret 20.3.2014 sak 31/14. Saka fekk fylgjande vedtak :

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunen meiner brann- og redningstenesta framleis skal vere ei kommunal teneste og meiner

brannstudien legg for lite vekt på dei grunnleggande prinsippa i viktig samfunnstryggleik og beredskapsarbeid: prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke. Lindås kommune slutter seg

derfor ikkje til anbefalinga frå arbeidsgruppa om fylkesvise brann og redningsvesen.

Lindås kommune ønskjer å prioritere gode samarbeids- og bistandsavtale med nabokommunar der

fokus på felles øvingar og erfaringsutveksling vert viktig. Lindås kommune stiller seg derfor negativ til

å delta i et pilotforsøk om et felles interkommunalt brann- og redningsvesen for Hordaland.

Vedtaket blei formidla og sendt til BA, og det viste seg at også andre kommunar heller ikkje ville søkje om pilotprosjekt. Det som derimot BA har eit arbeid med no er å sjå på moglege samarbeids og bistandsavtaler gjennom ein mogleghetsstudie betalt av fylkesmannen.

Denne studien som munner ut i ein rapport vil ikkje kunne binde kommunane til noko, det vil vere opp til ein kvar kommune å ta stilling til om dette kan vere interessant eller ikkje.

Ei anna sak BA arbeider med er utgreiing av kommunereformen med eit Bergen

++/storkommune og kommunar rundt Bergen. Lindås kommune er ikkje med i dette

utgreiingsarbeidet, vi er heller ikkje med i dei ulike arbeidsgruppene. Lindås kommune har

eit klart vedtak frå kommunestyret i desembermøtet 2014 der vi har vedteke å ikkje utgreie

samarbeid mot Bergen. Utgreiingsarbeidet blei og drøfta i formannskapet både i februar og

mars månad 2015, og ordførar fekk klar melding om at vi ikkje skulle vere med i dette

arbeidet gjennom BA – noko ordførar er heilt samd i og har formidla til Bergensalliansen

både munnleg og skriftleg.

4. Hvordan sikrer Lindås kommune sine representanter i BA at Lindås kommune sine synspunkter i slike saker blir ivaretatt og synliggjort i BA sine innspill og videre arbeid ?

SVAR : Lindås kommune har ein representant i BA og det er ordførar. Varaordfører er vara for ordførar. I saker som må ha vedtak og forankrast så vert desse tatt til kommunestyra. Når der er oppe saker i BA som går på tvers av vedtak i Lindås kommunestyre, eller i saker der ordførar ynskjer forankring i formannskap/kommunestyre så vert dette formidla både munnleg og gjennom skriftleg kommunikasjon. Dette blei bla gjort vedk brannstudien og kommunereformen. Bergensalliansen vil fram mot rulling av bla Nasjonal Transportplan arbeide fram ein felles uttale om vegprosjekter i heile regionen, denne uttalesen meiner ordførar i Lindås må forankrast i kommunestyret.